



Kommunestyre

Vår ref.:

25/12287 - 25/65802 / OYBA1

Dykkar ref.:

Dato:

11.12.2025

Habilitet KF styreleder og styrerepresentanter

Styreleiar posisjon i seg sjølv løser ikkje ut inhabilitet, men krev ei særskilt vurdering.

Rettsleg utgangspunkt i forvaltningslova § 6 er at styreleiar i KF ikkje er automatisk inhabil etter fvl § 6, 1, jf bokstav e). Kommunelova § 40-3 slår fast at habilitetsreglane i forvaltningslova gjeld for folkevalde. Styreleiar blir kun inhabil hvis det ligg før særeigne forhold som er egna til å svekke tilliten til vedkommande sin upartiskheit (§ 6 andre ledd).

Dette medfører at kommunestyret ikkje kommer unna å måtte vurdere "sak for sak". Det er vanskeleg å gi konkrete føringar for disse vurderingane men viser til nokre rettskjelder/praksis som kan være relevante for vurderinga:

Sivilombudet (2008), sak 2007/1327 – "Habilitet for styreleder i kommunalt heleid foretak"

Sivilombudet vurderte om en styreleder i et kommunalt heileig føretak, som også var medlem av planutvalget, var inhabil i behandling av føretakets sak. Ombudet konkluderte med at vedkommande ikkje var inhabil i den konkrete saken.

Det avgjerande i uttalen var: Styreleiarrolla gir ikkje automatisk inhabilitet, og vurderingane skal bero på om "særeigne forhold" etter § 6 andre ledd føreligg i den konkrete saken.

Kommunal- og distriktsdepartementet – tolkningsuttalelse om habilitet og folkevalgtes roller i kommunale selskaper (2015)

Departementet understrekar at folkevalt i kommunar må vurdere etter forvaltningslovas regler også når de sitter i styret i kommunale føretak.

Det heiter særleg at: Man må være varsam med dobbeltroller, og habilitet beror på konkret vurdering av om det føreligg risiko for rollekonflikt.

Ot.prp. nr. 50 (2008–2009) – om endringar i habilitetsreglane

I denne proposisjonen vurderte regjeringa å endre habilitetsreglane for styremedlemmer i offentleg heileigde selskap. Sjølv om endringane ikkje vart vedtatt, er dokumentet relevant fordi:

Lovgivar uttrykker tydeleg at styremedlemmer i offentleg eide føretak har en særskilt lojalitetsforpliktelse som kan komme i konflikt med politiske roller.

Dette viser en erkjent systemrisiko for rollekonflikt. Proposisjonen er derfor et tungt rettskjeldeargument for forsiktighet i habilitetsvurderinga. På den andre side så ble endringane ikkje gjennomført, noko som kan tale for at det ikkje var tanke for en innskjerping.

Statsforvaltaren lovlegkontroll i sak om organisering av kommunale føretak (2021)

I denne vurderingane konkluderte Statsforvaltaren blant annet med følgande: Styremedlemmer i kommunale føretak er ikkje automatisk inhabile, men habiliteten må bli vurdert konkret i kva sak, og **saker som omhandlar økonomi, drift eller rammevilkår for føretaket vil ofte løyser inhabilitet etter § 6 andre ledd.**

Kort oppsummering av momenter i den konkrete vurdering av "særeigne forhold"

Styreleiar/folkevald sin lojalitetsforpliktelse til føretaket kan komme i konflikt med kommunestyret sin interesse, som er kommunen som heilskapen. Man må være obs på risikoen for "rollekonflikt". Styreleiar har ansvar for å ivareta føretakets interesser og økonomi. Dette gir en naturlig partsinteresse som kan skape habilitetsproblemet.

Sakens karakter og konsekvensar for føretaket
Jo mer saken direkte berører føretaket, desto større grunn til å vurdere inhabilitet.

Typiske eksemplar er dersom saken gjelder økonomiske rammer, organisering, drift, økonomiske avtale eller tilsyn/kontroll samt tvist mellom føretak og kommune.

Allmennheita inntrykk av habilitet
Spørsmålet er om borgene med rimelegheit kan oppfatte habiliteten som svekket. Sivilombudets praksis legger stor vekt på dette.

Hvis saken er svært overordna eller politisk i karakter – f.eks. brede kommuneplanar, ideologiske prioriteringar eller rammevedtak som ikkje berører føretaket særskilt – vil man normalt bli vurdert å være habil.

Avslutningsvis:

Det kan bli gjort en vurdering av om man skal legge til grunn at et styremedlem er inhabilt til politisk behandling når saken omfattar de typiske tilfeller for inhabilitet, da særleg budsjett og eventuell nedlegging. Dette vil gjere det forutsigbart og støtter et likebehandlingsprinsipp. På den andre side kan det kanskje seiast å være i konflikt med vilkåret i loven; man er ikke automatisk inhabil, det skal bli gjort ei konkret vurdering i kvar sak. Vi heller mot at kommunestyret ikkje kan innføre et slikt prinsipp, men må vurdere frå sak til sak.

Vi meiner at kommunestyremedlemmer som også er leder i KF, bør vurdere sin habilitet nøye når viktige saker for deira KF skal bli handsama. Vi vil legge til at KF som er i "hardt vær", slik som Bordgleder er nå, bør ha lågere terskel for inhabilitet, med tanke på argumentet allmennheita sitt inntrykk av prosessen. Vurderingane bør også gjelde for styremedlemmer, men her kan terskelen bli vurdert som høgare for inhabilitet.

Helsing

Øyvind Bang-Olsen
kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur